

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Breheimsenteret, Jostedalen

**Dato:** 14.03.2016

**Tidspunkt:** 09:30-12:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Medlem	Luster
Eline Orheim	Medlem	Sogndal
Sven Flo	Medlem	Stryn
Marius Dalin	Medlem	Førde

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	SF fylkeskommune
Venke Kollbotn	MEDL	Gloppen

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Vidar Sandal	Venke Kollbotn	Gloppen
Odd Atle Stegegjerdet	Karen Marie Hjølmeseter	SF fylkeskommune

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn
Maria Knagenhjelm	Sekretær/nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ Marius Dalin \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/16	Orienteringar		
ST 4/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for styreperioden 2016 - 2019		2015/3201
ST 5/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - delegering av mynde		2014/4677
ST 6/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - arbeidsutval for perioden 2016-2019		2014/4677
ST 7/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2016		2014/42
ST 8/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2015/4004
RS 1/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler (...)		2015/4501

### **ST 1/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

##### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

### **ST 2/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

##### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Marius Dalin til å underskrive protokollen, i lag med styreleiar.

##### **Vedtak**

Marius Dalin vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet, i lag med leiar. Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller har merknadar, og e-postane blir deira «underskrift» og vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte.

Samrøystes vedteke.

## **ST 3/16 Orienteringar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

#### **Orienteringar:**

1. Kompetanseprogrammet for nasjonalparkstyra den 4.-5. april, med styremøte. Styret vart minna på å melde seg på.
2. DNT-hytte på Sunndalssetra.  
Forvaltaren orienterte litt om bakgrunnen for notatet og signala som har vore gitt DNT-Oslo og omegn turistforening. Styret gav i stor grad tilbakemeldingar om at DNT-Oot er velkommen til å reetablere ein overnattingsplass som er open for ålmenta. Nasjonalparkstyret ønskjer å dra på synfaring til Sunndalssetra i juni, og invitere både grunneigarlag, DNT, med fleire for å sjå på ulike alternativ.
3. NiN-kartlegging (naturtypekartlegging) i Sunndalen og Erdalen?  
Forvaltaren har spelt inn til Miljødirektoratet behovet for naturtypekartlegging i disse to dalane. Det er uklart når vi får svar.
4. Brot på vilkår i motorferdselløyve  
Styret stilte seg undrande til at politiet konkluderte med påtaleunntatelse i saka om brot på to vilkår i løyvet om helikoptertransport. Styret ønskja å invitere politiet v/miljøkoordinator (og/eller ein politijurist) til eit styremøte for å skape dialog om handhevinga av verneforskrifta.
5. Det har komme nye personar inn på to av dei tre autoriserte nasjonalparksentra. Ny dagleg leiar på Breheimsenteret i Jostedalen er Trygve Snøtun. Ny styreleiar på Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Stryn er Arne Bjørlykke, og ny (mellombels) dagleg leiar på nasjonalparksenteret i Stryn er Eli Folven. Ny, fast stilling på nasjonalparksenteret blir lyst ut i løpet av sommaren. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å ha god dialog og godt samarbeid med dei tre nasjonalparksentra.
6. Det er nye timesatsar i 2016 for møtegodtgjersle i styret, samt ein ny, fullelektronisk registrering i regi av Direktoratet for økonomistyring. Forvaltar kan ikkje bidra så mykje til utfyllinga som tidlegare, då kvart enkelt styremedlem må logge seg inn med BankID eller liknande. Ein vegleiiing til utfylling blir sendt styret straks registreringane er i orden.

## **ST 4/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for styreperioden 2016 - 2019**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

### **Handsaming i møte**

Oddmund Klakegg, Einar Målsnes og Sven Flo foreslo attval av Ivar Kvalen som leiar av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for perioden 2016 – 2019.

Einar Målsnes foreslo attval av Sven Flo som nestleiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for perioden 2016 – 2019.

Både leiar og nestleiar vart valt samrøystes.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vert med dette konstituert, og veljar følgjande blant styret sine faste medlem til leiar og nestleiar.

Leiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er: Ivar Kvalen

Nestleiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er: Sven Flo

Valet av leiar og nestleiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av vedtektene, datert 7. september 2015, punkt 4.

## **ST 5/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - delegering av mynde**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkforvaltaren informerte i møtet at alle delegertsakar blir referert til styret det påfølgjande styremøtet, og at dersom styret ønskjer å innsnevre delegeringsramma på eit seinare tidspunkt, så kan styret gjere eit nytt vedtak om det.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev sekretariatet mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om motorferdsle (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).
2. Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta, samt etter naturmangfaldlova § 48 der:
  - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
  - b) Det føreligg ein etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarende saker.
  - c) Forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert, gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjevast av nasjonalparkstyret.

## **ST 6/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - arbeidsutval for perioden 2016-2019**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

#### **Handsaming i møte**

I innstillinga frå forvaltar var det foreslått å ha to styremedlem i tillegg til leiar og nestleiar i arbeidsutvalet. Ivar Kvalen foreslo å ha totalt tre personar i arbeidsutvalet.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av vedtektene for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert den 7. september 2015, punkt 5, setter styret ned eit arbeidsutval på følgjande personar:

Leiar: Ivar Kvalen  
Nestleiar: Sven Flo  
Medlem: Eline Orheim

Første vara: Oddmund Klakegg  
Andre vara: Venke Kollbotn

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt arbeidsutval får mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

## **ST 7/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2016**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

#### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkstyret ønskja siste styremøtet før sommaren lagt til den 6. juni, inkludert synfaring til Sunndalssetra. Styret ønskja ein studietur til utlandet i løpet av styreperioden, samt å få til ein Josten-på-langs-tur. Styret vil få invitasjon til Bremuseet sitt 25-årsjubileum den 3. juni.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2016 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, gjere vedtak i dispensasjonssaker og vurdere tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane.

Fordi det er eit nytt styre i år, tek vi sikte på følgjande årshjul:

- Mars: konstituerande styremøte med synfaring
- April: Felles kompetansedagar 4. og 5. april, inkl. styremøte 5. april.
- Juni: Styremøte den 6. juni, med synfaring til Sunndalssetra

- August/September: Styremøte, ev med overnatting/synfaring?
- November/desember: Styremøte

Fleire møte er avhengig av ev delegeringsmynde til AU/sekretariatet, og om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering.

## **ST 8/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidler for 2016**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 14.03.2016**

#### **Handsaming i møte**

Oddmund Klakegg nemnte behov for fleire parkeringsplassar der vinterfriluftsliv lokkar folk ut på «ukurante» vegstrekningar i Jølster. Styret ønskja å understreke at Brefunn-prosjektet er viktig, og vil prøve å skaffe midlar til dette i ei ny runde med Miljødirektoratet. Sekretariatet skal greie ut eventuelle behov for fjerning av bru/trapper i Brenndalen til neste styremøte. Styret ønskjer også ei utgreiing om filmprosjektet til neste møte i april.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Med bakgrunn i totalsummen på tildelte tiltaksmidler for Jostedalsbreen nasjonalpark 2016, vedtar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre denne fordelinga av midlar:

Ny bru mellom Tungestølen og Nyestølen	kr 100 000
Plan for buføringsveg til Sunndalen/Erdalen	kr 30 000
Studentprosjekt om innfallsporten Haugabreen	kr 5 000
Breturkartet	kr 15 000
Rydding av beitemark og stiar i Erdalen*	kr 30 000
Film om nasjonalparken	kr 100 000
Prosjekt brefunn	kr 10 000
<b>SUM</b>	<b>kr 290 000</b>

\* Treng meir detaljert prosjektskildring

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet vurdere om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Sekretariatet kan ta kontakt med andre aktørar om ev samarbeid i finansieringa av ein nasjonalparkfilm.

Viss det dukker opp trong for midlar til nye tiltak utover sommaren søkjer nasjonalparkstyret v/ sekretariatet om ekstra løyvingar.

## **RS 1/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler (...)**

Saka blir referert til på neste styremøte i april.